


Oppdrag:	Fv 49 Gamleveggen ved Fossenbratte. Vurderingar med tanke på omkjøringsveg			Fagrapport- nummer:		25044-GEO-NOT-1			
Oppdragsgivar:	Roger Koch	Planfase:	Anlegg	Ant. vedlegg:	-	Rev.		00	
Kommune:	Samnanger	Vegnr.:	49	Vegref ..:	49 G	m :	S10 D105		450 - 890
UTM 32 ref.:	Nord 6728768 Øst -1505	ÅDT:	2800	PKK/Geoteknisk kategori:			-		
Utarbeida av:	Harald Hauso	Kontrollert av:	Silje Storevik Moe						

## Fv 49 Gamleveggen ved Fossenbratte, vurderingar med tanke på omkjøringsveg

### 1 Innleiing

Den 665 m lange Fossenbrattetunnelen på fylkesvei 49 i Samnanger skal oppgraderast iht. tunnelsikkerhetsforskriften. I den samanheng er det eit ynskje i frå prosjektet om ei vurdering på bruken av gamleveggen på utsida av tunnelen kan brukast som en omkjøringsveg ved stengt tunnel i sommer halvåret. 3 april 2025 var geolog Harald Hauso frå Geo – og skred på synfaring ved Fossenbratte.



Figur 1. Oversiktskart Fossenbratte.



Figur 2. Oversiktsbilete av det bratte terrenget langs gamlevegen.

## 2 Beskrivelse


### 2.1 Terreng

Vegen ligg 330-360 moh. Her er det steile bergveggar og bratt terreng opp til ca. kote 470. Det er både bart fjell og lausmassedekka parti på strekninga.


### 2.2 Skredfare

Det er mange ugunstige sprekkeretningar med opne sprekker i bergveggen. Det er observert mange potensielt ustabile store og små bergflak og kiler, og ikkje minst «handstein». Desse vil gi opphav for små og store steinsprang i bergveggane i framtida. Slike steinsprang er uforutsigbare og steinsprang kan gå ved alle årstider, men erfaringsmessig kjem det oftare nedfall i perioden 1 desember – 1 mai i dette området. Det er likevel ein relativt høg fare for steinsprang også om sommaren spesielt i nedbørsperioder. På grunn av den store trafikkmengda (ådt 2800) på strekninga er både sannsynet for at kolonner med trafikantar vert treft av stein, og konsekvensen av treff, relativt høg. Trafikken er dessutan vesentleg større i sommarhalvåret. Ein vil altså utsetje trafikken frå tilnærma null skredfare i tunnelen, til ein betydeleg skredfare på gamlevegen.





Figur 3. Det er svært mange potensielt lause blokker og stein i bergveggen.



Figur 4. Det er mange potensielt lause blokker og stein i bergveggen.

## 2.3 Skredregistreringar

Opp i gjennom åra er det kome ned både større og mindre steinsprang. Desse er derimot ikkje registrerte. Skredregisterert i NVDB inneheld få eller ingen registreringar på slike eldre vegar. På synfaringsdagen vart det observert ein heil del småstein i vegbana og i grøft.



### 3 Tiltak mot skred mogeleg?

Dersom ein skal skredsikre strekninga med tanke på omkøyringsveg vert det behov for reinsk i heile fjellsida samt rundt 450 m med fanggjerdar. Dette er ei omfattande og kostbart arbeid. Ikkje minst er det og ein risiko knytt til eit slikt arbeid.

### 4 Grunnforhold/mur

Grunnforhold og murar kjem inn under geoteknikkfaget, men det er her likevel nokre kommentarar:

Vegen ligg dels på berg, dels på fylling. Det er tørrsteinsmurar samt nokre betongmurar. Fleire stader ser det holrom eller idikasjonar på holrom ved murar. Dette er vist i figur 5 og 6. Det kan og ha vore ei visst sig og murar er til dels ujevne med teikn til mage eller litt overheng.



Figur 5. Det er gamle tørrsteinsmurar på strekninga. Biletet kan indiker opne holrom i muren. Stabiliteten kan verte usikker dersom det vert mykje trafikk her.



Figur 6. Det er gamle tørrsteinsmurar på strekninga. Biletet viser opne holrom i muren. Stabiliteten kan verte usikker dersom det vert mykje trafikk her.

## 5 Kommentar G/s veg vs. omkøyringsveg

Vegen nyttast om sommaren som g/s veg og er samtidig ein turistattraksjon. Dette vert ikkje her teke stilling til kor forsvarleg det er å halde vegen open som g/s veg sidan det ikkje er tema i denne bestillinga (regelverket er dessutan svært uklart). Det ein likevel kan seie er at sjølv om mjuke traffiakantar er meir utsette så vil det totalt sett vere svært mange fleire personar involvert i kolonner som eventuelt vil passere her. Og i sommarhalvåret vil det og vere eit betydeleg antal ubeskytta motorsyklistar.

## 6 Konklusjon

Det vert ikkje anbefala å bruke vegen til omkjøringsveg både på grunn av skredfare og tilstanden på sjølve vegn dvs. murar etc. Det kan truleg akseptrast at beredskapskjøretøy kan bruke vegen når tunnelen er stengd i samband med tunneloppgraderinga.